# 2017

ÅRSMELDING
**BREMNES FRYSERI**

BREMNES SEASHORE

**Bremnes Fryseri** er eit holdingselskap, og eig selskapa **Bremnes Seashore, Bremnes Shipping, Salmon Brands** og **Kald Fisk** som tek seg av settefiskproduksjon, matfiskproduksjon, slakting, pakking, foredling, sal av SALMA-produkt, samt FoU-arbeid. **Bremnes Fryseri** eig 40 prosent av sals- og distribusjonsselskapet **Ocean Quality** som sel heilfisk og foredla laks og 33 % av settefiskprodusenten Tytlandsvik Aqua

# Det ligg i ryggmargen

**Tenk om himmelen** alltid var blå og havet låg blikkstille til ei kvar tid? I ei perfekt verd høyres det kanskje forlokkande ut. Men det spørst om ikkje me vestledingar etter ei stund hadde sakna litt ruskevær likevel. For det er variasjon som gjer dagane spennande. Slik er det også hos oss i Bremnes Seashore. Det er nye utfordringar, men også nye moglegheiter kvar einaste dag.

**Engasjementet til dei tilsette** i Bremnes Seashore som grip moglegheitene, motiverer meg. Eg kjenner at me har etablert ein positiv kultur som ligg i ryggmargen på kvar einskild. Ein kultur der det er høve til å komme med konstruktive forslag og innspel for forbetringar som gjer at me er i ei kontinuerleg positiv utvikling. Noko som er heilt naudsynt for å kunne konkurrere på høgaste nivå i denne bransjen.

**I tillegg til gode** medarbeidarar er det også viktig å investere i godt utstyr og moderne fasilitetar. I fjor vart to nye resirkuleringshallar sett i drift ved settefiskanlegget i Trovåg. Me tek også i bruk tredje RAS-hall denne våren. Med Trovåg-anlegget har me teke Bremnes Seashore sin smoltproduksjonen til eit enno høgare nivå. Me kan no produsera vesentleg større smolt og på den måten redusere produksjonstida i sjø. I 2017 fornya me også pakkeriet med mykje nytt utstyr. Eit viktig element for å styrke sluttprodukta våre.

**Å trygge produksjonen** og stette myndigheitskrava er kostnadsdrivande. Samstundes ser me at kvaliteten på produkta våre ligg i øvste sjikt både nasjonalt og internasjonalt. Det er ein gevinst for oss. Og det er uaktuelt å driva produksjon av laks på ein måte som ikkje er bærekraftig eller går på kostnad av dei retningslinene som til





ei kvar tid gjeld. Men me må bli betre på kommunikasjon ut til media og forbrukarane. Fakta om kor mykje, og kor god og sunn mat me produserer på ein skikkeleg måte har me enno ikkje klart å formidle ut godt nok.

**Bremnes Seashore sin** aktivitet er ein svært viktig faktor for lokalt næringsliv og sysselsetting. Me handlar årleg for omlag 2,0 milliard kroner hovudsakeleg hjå leverandørar i kommunar rundt lokalitetane våre. Det gjev store ringverknader. På mange måtar er me gjensidig avhengig av kvarandre. For éin ting er sikkert: Om ti år vil lakseproduksjonen sjå heilt annleis ut enn i dag. Då er det viktig å vite at ein har innovative tilsette og gode samarbeidspartnarar som tek utfordringane og ser moglegheitene.

**Året 2017 vart eit godt år** for vår verksemd. Eg vil difor få takka alle tilsette for framifrå god innsats. Takk også til våre leverandørar og andre som er viktige for at me når våre mål. No rettar me blikket framover.

For hos oss i Bremnes Seashore ligg det i ryggmargen!



**Olav Svendsen**
Konsernsjef,
Bremnes Fryseri

BREMNES FRYSERI **ÅRSMELDING** 2017

# Innhald


Når fine folk feirar ........ 6
Folk på fest ........ 7
Kontinuitetsberaren Søvold ........ 8
Våre viktigaste ressursar ........ 10
Kanskje den største kompetansen ........ 13
Kunsten å gjere meir av det som verkar ........ 18
Styret si melding ........ 19
Resultatrekneskap ........ 26
Nøkkeltal ........ 27
Balanse ........ 28
Kontantstraumoppstilling ........ 30
Revisor si melding ........ 31

# Når fine folk **feirar**

**Eit evinneleg pågangsmot** og knallhard jobbing. Det var slik det starta på vestsida av Bømlo for 80 år sidan. Olav Svendsen var ein gründer i kropp og sjel. Det han la grunnlaget for den gongen er i dag blitt til ein mat-produsent av sunn sjømat der kvalitet står i høgsetet.

Mange hundre arbeidsplassar og milliardomsetnad har likevel ikkje rokka ved kulturen i selska-pet. Vest på Bømlo og i fjordane i Rogaland og Hordaland er det framleis ekte, ærlege og jordnære folk som arbeider hardt og står på for kvarandre. Kvar dag.

Slikt vert det god kultur og gode resultat av! I desember 2017 feira me oss sjølv. Det vart ein strå-lande fin fest. 80 år gammal men særdeles ung til sinns. Bileta talar for seg sjølv. Fine folk!












# Folk på **fest**

**1) KVA SYNEST DU OM FESTEN?**
**2) KVA ER DET BESTE MED Å JOBBE I BREMNES SEASHORE?**



**Bjørn Roar Kippersund** m/kone Vigdis Kippersund

*Brønnbåt- og innkjøpskoordinator*

1) Jubileumsfesten var ein 80-åring verdig. Fantastisk kjekt, bra show og god mat!

2) Det beste med å jobbe i Bremnes Seashore er alle dei kjekke folka eg får lov å jobbe saman med kvar dag.



**Bjarte Salamonsen** m/kjærest Hege Aas Vad

*Viseadm. direktør / Deputy CEO*

1) Jubileumsfesten var ei god og kjekk oppleving både med omsyn på mat, drikke, underhaldning og deltakarar, og ei fin anledning til å treffe gode kollega utanfor jobb.

2) Det beste med Bremnes Seashore er alle dei kunnskapsrike, dyktige og kjekke kollegaene.



Jubileet var heilt strålande! Maten var himmelsk og underhaldninga topp, sjølvaste Samantha Fox! Det føles bra å jobba for folk som likar å skjemma bort sine eigne litt, i ny og ne.

**SANDRA UGGLESJÖ** (M/ KJÆREST PAUL HARRISON)





**Anne Brith S. Haakull**

*Driftskoordinator avd. Trovåg*

1) Jubileumsfesten inneholdt alt ein kunne ønske seg, heilt topp :)

2) Det er givande å jobbe i Bremnes Seashore. Eg held til på Trovåg og det er eventyrleg å sjå kor flott, nytt settefiskanlegg ein nå bygger her, ei investering for framtida. Det er ein god og triveleg arbeidsplass med gode arbeidskollegaer.

**Øyvind Haraldseid**

*Driftsleiar avd. Trovåg*

1) Ei fin feiring som alle kan være stolte av. Takk og til Scandic Maritime for ei flott gjennomføring.

2) Ei familiebedrift med gode verdiar og som er opptatt av at alle ansatte skal ha det bra!

# Kontinuitetsberaren **Søvold**

*Morgonen er mørk, kald og våt på vestsida av Bømlo. Regnet piskar mot andletet til Geir Olav Søvold og kollegaen. Det er utriveleg, men dei to karane ensar det knapt. Jobben må gjerast om det så regnar i vinkel. Båten kløyver bølgene i det den rundar første neset. Litt lenger ute i havgapet skimtar dei lys frå oppdrettsannlegget. Eit lys frå brakka som alltid er avslått. Ein båt dei aldri før har sett ligg fortøyd til lekteren. Geir Olav klatrar lydlaust opp leideren. Gjennom vindauga ser han ein svær skugge teikna seg oppover veggen og i taket. Frysningane kryp raskt nedover ryggrada. Bømlingen tek tak i dørklinka og rykker opp døra. Synet som møter han gløymer han aldri.*



*Geir Olav Søvold*

– Hei og velkommen!

Handtrykket er fast. Røysta kraftig og tydeleg. Geir Olav Søvold er ein trufast arbeidstakar i Bremnes Seashore.

– Eg begynte her tre veker før eg fylte 16 år. I juni 1976. Til saman har eg vore her i 42 år, fortel Søvold.

Men eigentleg starta det nokre år tidlegare. For som 14-åring hadde den unge guten helgejobb med å fôra regnbogeaure.

– Det var ingen automatfôring den gongen. Me balanserte på ein smal merdkant. Det heimelaga fôret bar me ut i bøtter og spreidde utover. Det var tungt, seigt og grisete.

Søvold humrar. Han har vore med på ei enorm utvikling sidan fyrste arbeidsdag.

– Eg hugsar då me jobba akkord og flekte pigghå på mottaket i Kvednavikjo. Det var tungt arbeid. Om morgonen måtte eg ha hjelp av mor mi til å skjere brødskivene på grunn av senebetennelse. Men me tente veldig gode pengar!

Han foldar hendene og kikkar opp på skjermane som gir full oversikt over laksen som svømmer i merdane. 567 000 i talet. Tilgang på kranar og maskinar har gjort arbeidet vesentleg enklare i dag.

– Av gamle Svendsen lærte me at ingen hadde vondt av å ta i eit tak. Ein gong me ungdommane heldt på med å lossa 50 kg fôrsekker for hand sneik me oss til å «låna» ein truck. Jobben gjekk jo mykje fortare då. Men Svendsen oppdaga oss.

– Nei, dette er for enkelt! De får fortsette å bære dei på plass, slo han fast.

Karen i stolen flirer. Ingenting tyder på at han mista motivasjonen av den grunn.

– Eg må jo få sagt at me har hatt det utruleg fritt og fint i denne bedrifta. Det har også gitt muligheita til å påverke resultata på ein positiv måte. Det er knallviktig!

Søvold reiser seg og set kursen mot arbeidsbåten på kaien. Nokre minuttar seinare set han kursen utover mot oppdrettsanlegget.

– Geir Olav er som ein brønn av kunnskap og historier. Og veldig kjekk å arbeida med!

**CATO HOLMEN** (KOLLEGA TIL GEIR OLAV)

Akkurat som den våte og kalde kvelden for mange år sidan.

Søvold rykker opp døra. Og der står han. Haugesundaren. Berre iført truse og strikkelubber.

Iskald.

– Er eg i Langenuen no, stotrar han.

– Nei, langt i frå. No er du på vestsida av Bømlo på eit oppdrettsanlegg, svarar Søvold når han har fått summa seg.

Det viste seg at haugesundaren var fuktig både på innsida og utsida. Båten hadde han gått på land med. Søvold og kollegaen fekk på den skipbrotne nokre tørre klede og sende han med einvegsbillett til Valevåg.

Det er ikkje tvil om at opplevingane har blitt mange i løpet av over 40 år som Bremnes Seashore tilsett. Søvold speidar utover Bømlafjorden. Han er blitt eit levande symbol på kva kontinuitet betyr i ei framgangsrik verksemd.







# Våre viktigaste ressursar

Opptaksanlegg
**Bråthen** Sigurd Hus
**Jansen** Gunnar
**Kazlauskas** Kazimieras
**Mitrulevicius** Robertas
**Myren** Reidar
**Novikovas** Eugenijus
**Sediqi** Sharif Mohammed
**Vaitkevicius** Tomas

Administrasjon
**Aga** Turid Birgitte
**Alvsvåg** Silje Kathrine
**Asserson** Charlotte
**Bjørnsen** Geir Midtbø
**Bruun** Jørn-Rune
**Bråthen** Anne Meling
**Eggøy** Vidar
**Eide** Einar
**Geitung** Lena
**Helgesen** Ernst Olav
**Helvik** Vidar
**Hoksrud** Trine Lise O
**Hope** Christian
**Husa** Arvid
**Innvær** Kim
**Kippersund** Bjørn Roar
**Knarvik** Laila
**Knutsen** Geir Magne
**Kringeland** Ragnhild
**Kvarven** Vivian
**Meling** Anne Marie
**Meling** Astrid Sørensen
**Meling** Kristin Mæland
**Nerbøvik** Ida-Kathrin
Gjerstad
**Risnes** Renate
**Salomonsen** Bjarte
**Selle** Johan Flatebø
**Sortland** Bodhild Hope
**Sortland** Martin
**Steinsbø** Vidar
**Steinsland** Synnøve Zahl
**Sæverud** Bjørn Willy
**Sæverud** Eivind
**Sæverud** Terje
**Visti** Mika Hans A.
**Økland** Simon Nesse
**Ådnanes** Geir Ivar

Pakkeri
**Agasøster** Rune Stokkenes
**Butkute** Karolina
**Bø** Hallaråker Marie
**Cesnaite** Agne
**Grajauskas** Aivaras
**Gricius** Paulius
**Griskoniene** Gitana
**Griskonis** Vaidotas
**Jasinaviciene** Ieva
**Karenga** Arvydas
**Kazlauske** Monika
**Keawkunya** Nipaporn
**Kudriasova** Vladlena
**Lukosiunas** Gintautas
**Lungström** Julia Maria
**Lurins** Maris
**Macijauskas** Rolandas
**Magnusson** Benjawan
**Matuzas** Jonas
**Meling** Ronny
**Merenkov** Vladimir
**Mikulskis** Rolandas
**Mironova** Julija
**Navikauskiene** Edita
**Palakauskas** Andrius
**Palakauske** Vaida
**Piliunas** Tomas
**Prochoroceva** Viktorija
**Prochorocevas** Olegas
**Rystad** Anne Liv
**Saheed** Riyas
**Seim** Christoffer Eriksen
**Tribis** Ivars
**Tubelyte** Evelina
**Ugglesjö** Sandra C.
**Vanagas** Lukas
**Vedeksiene** Lina
**Wickenkamp** Silke Renate
**Wozniak** Dagmara

Gjeravåg
**Pedersen** Aksel R.
**Robberstad** Inge
**Solheim** Elin

Skålevik
**Hellen** Dag Helge
**Hellen** Gunn Agnes
**Onarheim** Anders Bø

Trovåg
**Breivik** Inger Lise
**Gullhaug** Trude
**Haakull** Anne Brith
Skogen
**Haraldseid** Håvard
**Haraldseid** Ørjan
**Haraldseid** Øyvind Jakob
**Innvær** Elisabeth
**Kallevik** Ida Helene F.
**Larsen** Marijann Belt
**Løland** Ingrid
**Singelstad** Lorense
**Voll** Øystein
**Zeng** Gui Rong
**Økland** Lars Gunnar
**Ånestad** Jorunn

Oppdrett Hordaland
**Bø** Kjetil Lavik
**Eriksen** Ole Petter
**Hollund** Kristian
**Holmen** Cato Rene
**Hovland** Roy
**Kanarskas** Raimondas
**Katla** Kristian
**Krogsæther** Roger Mæland
**Larsen** Kim Joar
**Makarjan** Arthur
**Nilssen** Sivert
**Piscopo** Terje Antonio
**Riple** Lars Andrè B.
**Røsvik** Henrik Hallaråker
**Stavland** Trond
**Steinsbø** Lars Erik
**Stokkenes** Hans Marius
**Stokkenes** Hans Torleif
**Søvold** Geir Olav
**Søvold** Thomas
**Tjensvoll** Kenneth
**Ødegaard** William Ellingsen
**Økland** Sigve
**Dror** Adi
**Grotnes** Tor Gunnar
**Handegard** Sigrid Brattebø
**Hesvik** Øyvind
**Horne** Øyvind Nordeide
**Hovland** Kjetil Mo
**Jensen** Håkon
**Omdal** Morten
**Selsvik** Dag-Kjetil
**Strømø** Susanne
**Toen** Jarle Jensen
**Torsnes** Mette Stølheim
**Aasheim** Dag Eirik
**Aasheim** Jostein
**Ervik** Bjarte
**Ervik** Magnar
**Gausvik** Benjamin
**Hope** Bernhard S.
**Hovland** Jan Henrik
**Jensen** Leif Steinar
**Kaldefoss** Simen
**Kvarven** Frode
**Kvernenes** Simon
**Litlabø** Einar
**Mørtsell** Stian
**Rumjancevs** Viktors
**Simonsen** Ida Charlene
**Vik** Anders Eidet
**Økland** Alfred
**Økland** Vidar

Oppdrett Rogaland
**Alsvik** Stig Arvid
**Alsvik** Thimon
**Berge** Aina
**Berglund** Egil Andreas
**Berland** Leif Magne
**Breivik** Knut
**Breivik** Kolbjørn August
**Bø** Alf Anders
**Chmielinski** Adrian
**Fagerland** Leif Olav
**Fiskå** Krister
**Gausland** Jørg Heng
**Grytdal** Hanne
**Grytdal** Hege
**Hageland** Vidar
**Hansen** Eskil
**Holthe** Kevin
**Høines-Larsen** Glenn
**Johannessen** Klaus Andreas
**Knudsen** Glenn Egil
**Kvarven** Line
**Langvik** Jarle
**Liestøl** Frode
**Linge** Martin
**McIntyre** Ezra David
**Næss** Ane Johanne
**Pongsakased** Nattasit
**Risa** Sveinung
**Romaniszyn** Robert
**Samordak** Andrzej
**Sigmundstad** Torstein
**Sitter** Tom Bjarne V.
**Steine** Lars Vegar
**Steinsvik** Trond

## PERSONALVEKST



**Svabø** Eirik
**Sædberg** Silje Kristin
**Thorbjørnsen** John Henrik
**Torwig** Kevin Bø
**Tungland** Roger Bergøy
**Wigdahl** Henriette
**Wågen** Camilla

## Logistikk

**Alabed-Almohammed** Mohammed Sale
**Barqawi** Ahmad Sharif M
**Boncuks** Aleksandrs
**Butkus** Saulius
**Durecek** Marcel
**Fosse** Stian
**Habboush** Hamza
**Jasinavicius** Mantas
**Lutro** Jon Kjetil
**Magnusson** Hans
**Mammadi** Ali
**Nakutis** Nerijus
**Navikauskas** Aistis
**Panchenko** Germans
**Salih** Jihad
**Sortland** Bjarne
**Stankevicius** Darius
**Steinsbø** Gerner

## Vedlikehald

**Folgerø-Holm** Melank-ton L
**Fylkesnes** Ole Bjarte
**Grindheim** Joachim Grønås
**Gåsland** Benedikte
**Habbestad** Erik
**Habbestad** Odd Kristian
**Kloven** Stine
**Kvarven** Sebastian
**Mathiassen** Kjell Gunnar
**Mæland** Erik
**Nesse** Dagmar Emilie V
**Rolfsnes** Olaf
**Selle** Knut
**Stokke** Geir Petter
**Sørvik** Bjørn Ketil
**Økland** Audun

## Kantine

**Hamre** Anette
**Hjellbakke** Anita
**Kallevåg** Anne
**Mæland** Dagne Rannveig
**Nguyen** Hiep Ngoc
**Rumjanceva** Anna
**Simonaviciene** Ausra

## Foredling

**Abaksina** Alona
**Abaksins** Vladimirs
**Abraham** Dusan
**Akbery** Golam Heider A
**Alagic** Anel
**Alagic** Dobrila
**Almedom** Tsegezab
**Arlauskaite** Elvyra
**Auzbikevice** Dovile
**Auzbikevicius** Kestutis
**Bjelland** Randi
**Brundziene** Jurgita
**Brundziene** Rasina
**Daland** Per Øyvind
**Geitung** Irene J
**Ghebreyesus** Fetzum Sebhatu
**Gjøsæter** Bodil Karin
**Gumbinas** Tomas
**Habbestad** Ragna Iversen
**Habbestad** Rita H B
**Hassani** Zahra
**Helgaland** Kristine V.
**Hidle** Lina
**Hosseini** Mina
**Hovland** Annlaug Regine
**Hovland** Jon Morten
**Hrehorova** Viera
**Håvik** Sven Kristian
**Innvær** Kitty- Margrethe
**Innvær** Sissel Elin Grønås
**Johnsen** Marit
**Kanarskiene** Egle
**Katla** Johne
**Khogianai** Mohammad Ibrahim
**Kondratjuka** Dana
**Krinicyn** Aleksandr
**Krinicyna** Jolita
**Kupcova** Alina
**Lapeniene** Irma
**Larsen** Bjørg Helen
**Larsen** Janne
**Le** Huynh Hoa Thi
**Lidal** Hanne Grethe
**Linkeviciene** Diana
**Meling** Odin Sagvåg
**Naujokaitis** Evaldas
**Navikauskiene** Mintara
**Nesse** Jenny
**Nesse** Jorunn
**Nguyen** Oanh Hong
**Nordtun** Kjersti
**Novade** Sana
**Pacevicius** Vytautas
**Pleskus** Marius
**Pleskuviene** Justina
**Rahimi** Kabir
**Ramanauskas** Ramunas
**Rascius** Irmantas
**Rasciuviene** Andzelika
**Rezaee** Mohammad Nasim
**Rukkusol** Pattarapan
**Salanova** Leticia Segura
**Santana** Thomas Økland
**Selle** Wirawan
**Stevanovic** Vesna
**Sæverud** Magda
**Sørvik** Vibece
**Søvik** Marianne
**Tamosaitiene** Anastasija
**Tamosaitis** Ernestas
**Tkabo** Girmay
**Tverborgvik** Inga Marie Meling
**Uogintas** Alikas
**Uogintas** Anette
**Valciukienè** Audronè
**Vanagas** Svajunas
**Vanagiene** Sandra
**Vedeksyte** Dovile
**Vold** Kåre Jan
**Voras** Arunas
**Voriene** Milda
**Wang** Lina
**Wathne** Monica
**Ynnesdal** Gro Anita
**Ytrøy** Solfrid
**Zekic** Mersija
**Ånderå** Trond

## Teknisk sjø

**Eike** Jostein
**Ersland** Idar
**Farestveit** Tore
**Grutle** Øyvind
**Hollund** Alexander
**Jørgensen** Øystein
**Karlson** Dan Viste
**Larsen** Martin Torland
**Meihack** Trym Eidem
**Melberg** Bernt
**Natterøy** Thomas
**Notland** Asgeir
**Reinhaug** Øystein
**Ullestad** Asgeir
**Valø** Jørn
**Walkosz** David

## Innleigde opptak

**Bonarev**, Viktor
**Fedorcenko**, Evaldas
**Ziulpys**, Remigijus

## Innleigde foredling

**Andrejaitiene**, Gitana
**Canis**, Alvidas
**Duda** , Pavol
**Ganevic**, Viktorija
**Jurevicius**, Andrius
**Jurevicius**, Darius
**Rudokaite**, Ilona
**Skrzypczyk**, Wojciech
**Smalakiene**, Singirita

## Innleigde pakkeri

**Balciunas**, Gabrielus
**Cizikas**, Andrius
**Daukantas**, Justinas
**Guzys**, Rokas
**Jankaityte**, Sandra
**Mencaite**, Ernesta
**Nareviciute**, Kristina
**O`** Neill, Jolanta Janina
**Petravicius**, Remigijus
**Sestokas**, Giedrius
**Stasiunas**, Dangirutis
**Ulickas**, Arturas
**Zumbrickiene**, Edita

## Innleigde logistikk

**Januskevicius**, Lauras

## Salmon Brands Norge

**Balichi** Alush
**Bjerland** Ann-Birgith
**Bjørnstad** Christiane
**Gitlesen** Linda
**Henden** Marit
**Håberg** Johnny
**Håland** Ingfrid
**Jenssen** Kristin
**Johnsen** Karine
**Kalvenes** Ellen M
**Kirkhus** Ingrid Vikeså
**Kjøstvedt** Anne Mette
**Klaussen** Ina Marlene
**Kolderup-Steen** Marianne
**Laugen** Rune
**Leopold** Tine Hammernes
**Lillehagen** Magnus
**Løkka** Line
**Manseth** Even
**Monsen** Christine Okkenhaug
**Nilsen** Sølvi Janne
**Sandqvist** Jonas
**Sandum** Anne Gro
**Saxebøl** Inger
**Selebø** Brit Randi
**Østenfor** Emil Rognstad

## Bremnes Fryseri AS

**Fossøy** Øyvind Bjørn
**Svendsen** Olav

## Kald Fisk AS

**Fjæra** Svein Olav

# – Me har kanskje den aller største **kompetansen i Norge**

Langsiktig prioritering av forsking og utvikling gjennom fleire tiår har ført til at Bremnes Seashore i dag er verdsleiande på råstoffkvalitet.

**– Tilbakemeldingane me har** fått viser at me berre har skrapa i overflata på kva me kan få ut av dette. Me kan skape fantastiske produkt i framtida som kan gi oss meir inntening og fleire lokale arbeidsplassar. For dette må skje her på Bømlo. Dette kan me ikkje eksportere vekk.

Sals- og marknadssjef Simon Nesse Økland sparar ikkje på superlativa når han fortel om det splitter nye «Live Cold Fish»-anlegget som Bremnes Seashore skal tas i bruk i løpet av 2018.

Årevis med forsking som Bremnes Seashore har utført heilt sidan starten av 1990-talet, vil no manifestere seg i det nyskapande «Live Cold Fish»-anlegget som berre ventar på å bli fylt opp med vatn.

Som ved mykje forsking så starta det med ein heilt banal observasjon: kvaliteten på fisken var mykje betre på vinteren enn om sommaren.

**Dette var starten** på forskingssamarbeidet med Landbrukshøgskulen på Ås, som resulterte i «Kald Fisk»-konseptet. Det handlar om at laksen er eit vekselvarmt dyr. Gjellene fungerer som varmevekslarar og gjer at temperaturen i laksen raskt blir lik temperaturen i omgjevnadane.

Denne forskinga er bakgrunnen for «Kald Fisk»-anlegget, som



*Frå venstre: Geir Ivar Ådnanes, Ole Bjarte Fylkesnes, Svein Olav Fjæra og Simon Nesse Økland.*

aukar velferda og minskar stressnivået til fisken, som igjen gjer at pre-rigortida (tida før fisken blir dødsstiv) vert forlenga. Det betyr ein betre kjøttkvalitet.

– Dersom me slaktar laksen medan den er nedkjølt har den lågare stressnivå og betre kvalitet året rundt, seier Økland.

**Bremnes Seashore utvikla** det første «Kald Fisk»-anlegget på 1990-talet, men anlegget har ikkje hengt med i den rivande volumutviklinga ein elles har opplevd i selskapet. I det nye tankanlegget vil selskapet gjennom unik kompetanse



bygd opp gjennom mange år – kombinert med topp moderne teknologiske løysingar – produsere laks med ein kvalitet som imponerer langt utanfor landegrensene.

– Me ser betre resultat enn kva me trudde var teoretisk mogleg. Me har testa dette på kresne kundar, mellom anna i Asia, der me ser at dei vert veldig begeistra.

Og det er ikkje berre ein smaksak. Dei har også gjort målingar som syner at fisken har lågare stressnivå, ved å måle kortisolnivået og mjølkesyra i laksemusklane.

Bremnes Seashore driv denne forskinga gjennom selskapet Kald Fisk AS. Selskapet vart opphaveleg starta for å selje teknologien bak Kald Fisk-anlegget til oppdrettsbransjen. Seinare vart føremålet endra til å drive med forsking knytt til det superferske råstoffet samt å bidra med produkt- og prosessutvikling.

**Sentral i denne satsinga** er seniorforskar Svein Olav Fjæra, som har bakgrunn frå Landbrukshøgskulen (no NMBU – Norges miljø- og biovitenskapelige universitet).

– At me har denne kompetansen i konsernet gjer oss unike. Gjennom eigen kunnskap og samarbeid med forskingsmiljø har me kanskje den aller største kompetansen i Norge. Det har vore til nytte for heile næringa, og aller mest for oss, seier Økland.

**Den auka råstoffkvaliteten** banar også vegen for nye produkt. Å kunne filetere fisken før rigor gir fisken betre tekstur, og har vore sentralt i utviklinga av SALMA-loins og ikkje minst SALMA-burgeren, som ikkje inneheld noko bindestoff utanom salt.

Den grundige satsinga på forsking og utvikling er også eit godt salsargument ute i verda.

– Det at me har så mykje kunnskap om råstoffet er ein stor styrke når me skal marknadsføre produktet i verda. Det er gode salsargument. Ein truverdig og god historie, som gjer at me når kvalitetsbevisste kundar over heile verda.

## Fleire sparringspartnarar

Dei siste år har Bremnes Seashore fått stadig fleire sparringspartnarar knytt til forsking og utvikling. Konsernet er medlem av to NCE-klynger (Norwegian Center of Expertise): Maritime CleanTech som held til på Stord, og Seafood Innovation Cluster i Bergen.

Førstnemnde er knytt til den maritime delen av Bremnes Seashore, der føremålet er å leggje til rette for grønare operasjonar med oppdrettsbåtar og anlegg som ligg ute på havet.

Gjennom Seafood-klynga har selskapet inngått eit spennande samarbeid med IBM om stordata som – skal gjere lusevarsla betre, gjennom det såkalla AquaCloud-prosjektet.

– Bremnes Seashore og andre aktørar produserer mykje data som har stor verdi internt i selskapet. Men avgrensinga har vore nettopp at det har vore internt. Gjennom dette prosjektet utvidar me horisonten og får innsikt frå andre sine data, fortel innovation manager Björgólfur Hávarðsson i NCE Seafood Innovation Cluster.

– Me kan bruke data for å lage ein slags vêrmelding for lakselus, der me kan føreseie kvar lakselusa kjem til å ha utbrot.

Denne varslinga gir Bremnes Seashore høve til å effektivt setje inn førebyggande tiltak, og behandle før det eit større smitteutbrot.

– Det handlar om å bruke store datasett for å forstå verda ein opererer i litt betre, seier Hávarðsson.

Norwegian Centres of Expertise NCE Seafood Innovation Cluster

Norwegian Centres of Expertise NCE Maritime CleanTech

Me har eigne settefiskanlegg og matfiskkonsesjonar i Rogaland og Hordaland

**3**
**Settefisk-anlegg**

**21**
**Matfisk-konsesjonar**

**3**
**FoU-konsesjonar**







BREMNES FRYSERI AS
Morselskap i konsern, eigedom og aksjar
BREMNES SEASHORE AS (100 %)
Smolt, matfisk, pakking og foredling
SALMON BRANDS AS (100 %)
Marknadsføring og sal av SALMA-produkt
BREMNES SHIPPING AS (100 %)
Rederi og drift av «Eva Elisabeth»
KALD FISK AS (100 %)
FoU-selskap
OCEAN QUALITY AS (40 %)
Sal og distribusjon av heilfisk og foredla laks
TYTLANDSVIK AQUA AS (33,33 %)
Produksjon av post-smolt
SÆVAREID FISKEANLEGG AS (16,67 %)
Produksjon av smolt

# Kunsten å gjere meir av det **som verkar**

Det er nye tider i Bremnes Seashore. Fisken har tak over hovudet lengre enn før. Tida i sjøen er kortare enn før. Ambisjonane er å redusere utfordringane. Slikt kan gje mange positive resultat.

I Trovåg sym smolten roleg med minimal fare for ytre påverknader. Han veks seg større under kontrollerte forhold enn nokon tidlegare smolt i selskapet si historie. Her er ikkje noko risiko for påslag av lus. I framtida vil ein kanskje snakke om tida før og etter Trovåg.

– Tida der me slapp smolt på 100 gram ut i sjøen er forbi. I 2019 reknar me med å produsere smolt på ca. 500 gram. Det vil sei at me har klart å redusere produksjonstida i sjøen med 1/3. Dette gjer at me ligg heilt i tet nasjonalt og internasjonalt på dette området, fortel administrerande direktør Einar Eide i Bremnes Seashore.

### Auka ambisjonsnivå

Han forventar store positive ringverknader knytt til dei store investeringane som er gjort dei siste åra.

– Jamt over har me auka ambisjonsnivået vårt for 2018. Målet er å gjere enno meir av det me veit verkar positivt for tilsette, fiskevelferda og resultatet. Investering i gode verktøy for dei tilsette, produksjon av stor smolt og mindre handtering av fisken er element i dette.

Investeringsbudsjettet for 2018 er på over 300 millionar kroner.

– Me fortset investeringstakten så lenge me har finansiell handlekraft. Me er sikre på at det vil gjere oss meir robuste på lang sikt.

### Lagarbeid

Resultatet for 2017 viser at det vart eit enno betre år enn rekordåret 2016.

– Me slo 2016 med god margin. Og det kjekke er at me hadde positiv utvikling i alle forretningsområde. Det er ingen tvil om at våre tilsette skal ha ei stor del av æra for det.

Eide gler seg også over at marknaden etterspør vesentleg meir foredla varer no enn tidlegare.

– Det er veldig kjekt og inspirerande. For der er me gode, og me har etterspurte produkt å tilby.



*Einar Eide*

### Kan styrke kvarandre

Framover ynskjer Eide å samarbeide enno meir med andre oppdrettarar.

– Eg trur me har mykje å tene på det. Me sår og haustar i den same sjøen. Med tettare samarbeid kan me både forhandle betre avtalar og gjennomføre meir effektive tiltak saman. Me ynskjer å vere ein positiv bidragsytar til meir samsnakking framover, avsluttar Eide.

# Styret si årsmelding

## Nøkkeltall og høgdepunkt

(i millionar NOK med mindre anna er opplyst)

| | 2017 | 2016 | 2015 |
|---|---|---|---|
| **Finansiell Informasjon** | | | |
| Sum inntekter | 2 630.7 | 2 359.9 | 1 684.2 |
| Resultat før finanspostar og skattekostnad | 427.7 | 314.8 | 95.0 |
| Driftskostnader | 2 203.1 | 2 045.1 | 1 589.2 |
| Årets resultat | 339.6 | 247.7 | 74.2 |
| Langsiktig finansiell gjeld | 620.3 | 624.1 | 618.1 |
| Netto rentebærande gjeld | 471.2 | 514.5 | 609.5 |
| Sum eigedeler | 2 343.5 | 2 057.8 | 1 818.7 |
| Sum eigenkapital | 1 248.5 | 948.3 | 720.9 |
| Netto gjeld over sysselsett kapital | 23.2 % | 29.8 % | 40.6 % |
| Berekna ROACE | 22.7 % | 19.5 % | 6.8 % |
| **Operasjonell informasjon** | | | |
| Eigenproduksjon laks (mt) | 28 200 | 25 800 | 26 800 |
| Ståande biomasse sjø (mt) | 17 400 | 16 620 | 16 300 |
| Gjennomsnittleg MTB-utnytting | 90.3 % | 95.0 % | 88.0 % |

Bremnes Fryseri har hovudkontor i Bømlo kommune med produksjonsavdelingar i Hardanger, Sunnhordland og Rogaland, og salskontor i Bergen, Oslo, Stockholm og Paris. Verksemda til konsernet omfattar i all hovudsak oppdrett av settefisk og matfisk, samt slakting, pakking, frysing, foredling og sal av oppdretta laks og lakseprodukt. 2017 var eit rekordår for omsetning og lønnsemd ettersom etterspørsel overgjekk tilbod noko som resulterte i høge prisar globalt. Operasjonelle og biologiske utfordringar var ei kjelde til auka kostnader innan oppdrettsverksemda, medan høge lakseprisar hadde ein negativ effekt på lønnsemda til foredla produkt. Kostnadstiltak er iverksett, noko som saman med investeringar på auka smoltstorleik er forventa å bidra til ytterlegare vekst i topplinje og marginar.

### 2017 oppsummert

2017 var eit rekordår både med omsyn på omsetning og lønnsemd. Salet har aldri vore høgare, med ein total omsetnad på NOK 2 630,7 million, 11,5 % over den gamle rekorden frå 2016. Etterspørsel etter laks overgjekk tilbodet gjennom året, noko som gav gode priser i alle marknader. Fordelen med høge prisar vart midlertidig delvis møtt av auka kostnader i produksjonen på sjø. Til tross for at høgare fôrkostnader og biologiske utfordringar bidrog til kostnadsauke klarde ein gjennom god drift og aktiv kostnadskontroll å halde produksjonskostnaden på nivå med fjoråret. Stabilt høge prisar gjennom året hadde derimot ein negativ effekt på lønnsemda til dei foredla produkta våre ettersom prisbiletet for foredla varer er mindre volatilt enn for råvarene. Trass høge råvareprisar klarde foredlingsverksemda å skapa meirverdiar gjennom streng ressursstyring i produksjon og godt marknadsarbeid. Settefiskverksemda vår er under utvikling, og me legg ned store verdiar i posisjonering mot stor smolt. Satsinga er føre skjema og resultata er svært lovande, og betre enn forutsett for året. Som eit resultat av dette vart den operasjonelle EBIT for konsernet rekordhøg med NOK 489,8 million, samanlikna med NOK 316,3 million i 2016. Med 21,0 % var ROCE for året

langt over det langsiktige målet på 11 %. NIBD for året enda på NOK 471,2 million, NOK 149,7 million over målet.

### Bremnes fryseri-konsernet

Vår visjon er å vera leiande leverandør av kvalitetslaks til den globale merknaden. Den beste måten å levere leiande kvalitet på er gjennom ein produksjon som har sitt fundament i høg etisk standard, berekraft og lønnsemd med eit fokus retta mot ferskheit, hygiene, fiskevelferd og innovasjon. For å klara dette tar me mål av oss å dra nytte av heile den integrerte verdikjeda og ta ansvar for å leia utviklinga av kvalitetsfremmande produksjonstiltak. Me er i dag mellom dei største familieeigde lakseprodusentane, og leverer den fremste kvaliteten i den globale marknaden. Me arbeider hardt for å auke konkurransekrafta og plassere Bremnes Fryseri i førarsetet for utvikling av bransjen, og har mellom anna lagt ned store ressursar på å vera leiande på å imøtekoma offentlege rammevilkår gjennom aukande intern kontroll og informasjon. Konsernet er samansett av folk med fokus på drift, og ikkje politikk. Me forstår at dei beste avgjerslene ikkje kan grunngjevast av kva ein håpar på, men heller dei fakta me ser. Me vinn gjennom å engasjera alle delar av verksemda, og me spelar på våre mest fundamentale styrker – innsatsen som kvar og ein legg ned kvar dag. Det har gitt svært gode resultat i 2017, og er eit sterkt grunnlag for vidare utvikling og vekst. Arbeidet er tufta på ein kultur med verdiane kunnskap, utvikling, truverd og trivsel, ein kultur som har gjort oss til ein enkel, rask og meir ansvarleg organisasjon. Posisjonering av Bremnes Fryseri for siger har kravd endringar. For oss er ikkje endring administrasjon av moment, men fokus på verdiskaping gjennom investering i innovasjon, eigenskapar og kapasitet for å sikre framtidig vekst. Me ønskjer at konsernet skal vera essensiell og langsiktig for både kundar, eigarar og tilsette.

Vi opererer i dag i tre forretningsstraumar: settefisk, heilfisk og foredla fisk. I 2017 har me styrka Bremnes Fryseri sin konkurransekraft gjennom investeringar i teknologi og effektivitet. Viktige strategiske mål som større smolt, og meir fisk gjennom pakkeri og salsleddet er innfridd. Smoltstorleiken har auka med 37,0 % frå førre år og volumet av laks gjennom fabrikkane har auka med 23,3 %, eller 6 300 tonn. Volumveksten kjem frå eige oppdrett og frå eksternt tilført fisk, noko som har bidrege sterkt til auka verdiskaping. Me har i 2017 hatt auka lønnsemd innan alle deler av verksemda inkludert auke i omsetninga med 11,5 %, og me leverte ein konsernmargin på NOK 15 per kg produsert fisk. Dette har me oppnådd i eit år der me har investert i innovativ teknologi som vil driva produktiviteten dei neste åra. Trovågutbygginga er eit godt døme på dette, og har vist at me ikkje berre har eigarar som har stor vilje til å utvikla verksemda vidare, men at me òg har evne til å gjennomføra store prosjekt. Utfordringa for alle selskap er å investera i framtida parallelt med at ein leverer gode resultat. Me har utfordra oss sjølve og oppnådd finansielle mål samstundes som me har posisjonert oss for åra som kjem.

### Auka ambisjonsnivå

Dei finansielle resultata er skapt av dei tilsette, og interaksjonen mellom dei, natur og teknologi. Langsiktig suksess kvilar på eit godt samspel mellom desse, samt ein vekst basert på miljømessig og finansiell berekraft.

### Konsernresultat

*Omsetnad og volum*

Omsetning for 2017 var NOK 2 630,7 million, som var ein auke på 11,5 %, eller NOK 270,9 million samanlikna med omsetnaden på NOK 2 359,9 million i 2016. Veksten var drive av framleis gode prisar og auka produksjonsvolum, og omsetnaden var den høgaste i konsernet sin historie. Den gjennomsnittlege lakseprisen gjekk


* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

ned med 2,6 % i 2017, samanlikna med 2016.

Konsernet produserte totalt 28 200 tonn fisk i 2017, dette var 2 400 tonn meir enn i 2016. Dette er det høgaste volumet me har hatt av eigenprodusert fisk i løpet av eitt år. Produksjonsauken kom til trass for aukande biologiske utfordringar hovudsakeleg relatert til lakselus.

*Materialkostnad*
Varekostnaden for 2017 enda på NOK 1 469,5 million, ein auke på 3,6 %, eller NOK 51,0 million, samanlikna med materialkostnaden på NOK 1 418,4 million i 2016. Auken kom hovudsakleg frå høgare kostnader relatert til fiskehelse og -fôr i sjøproduksjonen.

*Løns- og personalkostnader*
Totale løns- og personalkostnader for 2017 var NOK 275,2 million, som var ein auke på 8,8 %, eller NOK 22,4 million, samanlikna med NOK 252,8 million i 2016. Auken kom hovudsakleg frå vekst i antall tilsette på sjø. For landaktivitetane kan redusert bemanning i foredlingsaktiviteten nemnast. Ved å utnytta kapasiteten meir effektivt klarte ein å oppretthalda foredla produksjonsvolum, medan antall tilsette i foredlingsproduksjonen vart redusert med 12 årsverk i 2017. Netto auke i 2017 var 20 årsverk.

*Andre driftskostnader*
Andre driftskostnader auka med NOK 48,1 million, eller 19,9 % gjennom 2017 samanlikna med 2016. Dei auka kostnadene kom hovudsakleg gjennom høgare vedlikehaldskostnader, spesielt relatert til oppgradering av behandlingsfartøyet «Eva Elisabeth».

*Driftsresultat før finanskostnader (EBIT)*
Som eit resultat av dette vart EBIT i 2017 NOK 427,7 million samanlikna med NOK 314,8 million i 2016.

*Operasjonell EBIT*
Konsolidert operasjonell EBIT auka med 54,8 % i 2017, frå NOK 316,3 million i 2016 til NOK 489,8 million i 2017. Auken kom hovudsakeleg gjennom høge prisar, auka volum og kostnadstiltak i foredlingsverksemda.

*Avkastning på sysselsatt kapital (ROCE)*
ROCE var 21,0 % for 2017, noko som var ein auke frå 18,2 % i 2016. Auken kjem som eit resultat av styrka driftsmarginar justert for ekstraordinære nedskrivingar på biomasse og utstyr. Det

## Fordeling av omsetning pr segment




* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

langsiktige målet er ein ROCE på over 11 %.

*Finanskostnader*
For 2017 vart finanskostnadene redusert med 13,0 % til NOK 27,1 million samanlikna med NOK 31,2 million i 2016. Gjennomsnittleg renteberande gjeld i 2017 var NOK 622,2 million, ei auke samanlikna med NOK 621,1 million i 2016. Netto renteberande gjeld per 31.12.2017 var totalt NOK 471,2 million.

Konsernet er eksponert for finansiell risiko i form av marknadsrisiko, valutarisiko, kredittrisiko og likviditetsrisiko. I den grad konsernet ser det som naudsynt har ein styrt risikoen ved bruk av finansielle instrument og forsikringsordningar.

*Skatt*
For 2017 vart skattekostnaden på NOK 91,4 million, samanlikna med NOK 68,5 million i 2016. Hovuddrivaren for auken var forbetringa i resultat før skatt og midlertidige forskjellar.

**Konsesjonar**

Konsernet har 21 ordinære konsesjonar i tillegg til tre FoU-konsesjonar. Den bokførte verdien av konsesjonsrettane er i årsrekneskapen oppført med NOK 88,2 million for 2017. Målt i NOK per kg produsert laks utgjer dette NOK 3,13. Den bokførte verdien er uendra frå 2016. Den gjennomsnittlege netto utnyttinga av konsesjonane utgjer 90,3 % i 2017, samanlikna med 95,0 % i 2016 utgjer dette ei nedgang som kjem som ein kombinasjon av biologiske utfordringar og brakkleggingsperiodar. Det er ei forventning om at utnyttinga vil auka i komande år. Eit viktig element i denne samanheng er satsinga på større gjennomsnittsvekt på smolt som vert sett ut, noko som vil bidra til auka hausting per konsesjon.

**Likviditet og kapitalressursar**

Dei viktigaste likviditetsressursane vår er kontantbehaldning, inntekter frå drift, og til ein viss grad banklån. Likviditetsbehovet kjem hovudsakleg gjennom varekostnader, inkludert fiskefôr, investeringar, anna arbeidskapital, og kapitalkostnader for handsaming av gjeld og utbytte. Dagens behaldning av kontantar er tilstrekkeleg for å dekke arbeidskapitalbehova i ordinær verksemd.

Netto renteberande gjeld var NOK 471,2 million per 31. desember 2017, og NOK 514,5 million for same periode i 2016. Reduksjonen kjem gjennom betra kontantstraum frå drift. Dette kjem som nemnd av høgare marginar. Netto gjeld over sysselsett kapital utgjorde 22,7 % for 2017, medan tilsvarande forhold var 29,8 % i 2016.

**Kontantstraum**

*Kontantstraum frå drift*
Kontantstraum frå drift for 2017 enda på NOK 339,6 million, samanlikna med NOK 491,0 million for 2016. Reduksjonen kom delvis frå auka skatteutgang kombinert med auke i lagerført fisk i sjø.

*Kontantstraum frå investeringa*
Kontantstraum frå investeringar for 2017 var NOK -256,2 million. I 2016 var dette NOK -257,9 million. Den største drivaren på investeringssida var utbygginga på Trovåg. Dette tiltaket vil redusere produksjonstida i sjø vesentleg og sikre betydeleg betre kontroll på biologisk produksjon.

*Kontantstraum frå finansiering*
Kontantstraum frå finansiering for 2017 var NOK -43,8 million, samanlikna med NOK -132,1 million i 2016. Av dette utgjorde utbytte NOK 40,0 million.

## Konsolidert resultatrapport

| | NOK million | | % av omsetnad | |
|---|---|---|---|---|
| | 2017 | 2016 | 2017 | 2016 |
| **Inntekter** | **2,630.7** | **2,359.9** | **100.0 %** | **100.0 %** |
| Varekostnad | -1,469.5 | -1,418.4 | -55.9 % | -60.1 % |
| Lønn- og personalkostnader | -275.2 | -252.8 | -10.5 % | -10.7 % |
| Andre driftskostnader | -290.2 | -242.1 | -11.0 % | -10.3 % |
| Av- og nedskriving | -168.2 | -131.8 | -6.4 % | -5.6 % |
| **Driftsresultat før finanskostnader (EBIT)** | **427.7** | **314.8** | **16.3 %** | **13.3 %** |
| Inntekt frå investeringar i tilknytte selskap | 30.5 | 31.4 | 1.2 % | 1.3 % |
| Rentekostnader | -28.3 | -31.2 | -1.1 % | -1.3 % |
| Andre finansielle kostnader | 1.2 | 0.0 | 0.0 % | 0.0 % |
| **Resultat før skatt** | **431.0** | **316.2** | **16.4 %** | **13.4 %** |
| Skatt | -91.4 | -68.5 | -3.5 % | -2.9 % |
| **Årsresultat** | **339.6** | **247.7** | **12.9 %** | **10.5 %** |
| Operasjonell EBIT | 489.8 | 316.3 | 18.6 % | 13.4 % |
| ROCE | 21.0 % | 18.2 % | | |

### Årsresultat

Resultatet etter skatt vart NOK 339,6 million. Dette er ein auke på NOK 91,9 million samanlikna med NOK 247,7 million i 2016.

### Utbytte

Bremnes Fryseri utbetalte eit utbytte per aksje på NOK 65,6 i 2017. I 2016 var utbytte NOK 32,8 per aksje.

### Disponering av resultat

På den komande Generalforsamlinga vil styret foreslå at årsresultatet på NOK 339,6 million disponerast som følgjer: Overføring til anna eigenkapital NOK 339,6 million.

### Fortsatt drift

Med bakgrunn i dette vert det i samsvar med Regnskapslova § 3-3a stadfesta at føresetnaden om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen. Stadfestinga er basert på rapporterte resultat, konsernet sin strategi, finansielle situasjon og etablerte budsjett.

### Berekraft

Det er stadig aukande sosialt fokus på miljøpåverknad og industriell verdiskaping. Samstundes skjer det ein kraftig utvikling i levestandard som vil krevje at framtidig matproduksjon møter global etterspurnad. I Bremnes Fryseri ser me ei klår samanheng mellom berekraft og lønnsemd. Langsiktig vekst og utvikling av konsernet og bransjen er det avgjerande at drifta skjer i tråd med miljøkrav, og styret si oppgåve er at denne etikken vert ivaretatt etter beste evne. Dette krev stor fokus på rømingssikker produksjon, biologisk mangfald, bruk av medikament, fiskehelse og berekraftig råvarebruk. Det er eit mål at oppdrettsverksemda er drive forsvarleg i forhold til miljømessige mål.

Konsernet overvaker nøye sjøkvalitet og påverknad av botnforholda rundt anlegga for å sikre ei berekraftig drift med minimalt fotavtrykk på miljøet.

Lakselus har òg i 2017 vore ei utfordring for selskapet. For å møta utfordringane på ein betre måte har verksemda gjennomført ei rekke tiltak med blant anna satsing på førebyggande og ikkje-medikamentell behandling mot lakselus.

### Forsking og utvikling

I konsernet har ein som målsetting å drive aktivt med forsking og utvikling (FoU). Dette er viktig for å oppnå berekraftig vekst i bransjen gjennom god biologisk produksjon og eit samfunnsmessig akseptabelt fotavtrykk. Arbeidet har i tillegg vore konsentrert rundt utvikling og forbetring av kvalitet i slakte- og foredlingsprosessen og utvikling av nye

* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

## OMSETNING 2013-2017



foredla kvalitetsprodukt. Dette arbeidet har ei klår kopling mot vår visjon om å vera leiande på kvalitet i den globale marknaden.

Selskapet sine FoU-aktivitetar blir utført i nært samarbeid med norske forskingsmiljø.

## Helse og sikkerheit

HMS-arbeidet pågår kontinuerleg. Det er viktig for Bremnes Fryseri-konsernet å ha ein levande og innarbeida HMS-kultur. Konsernet har to hovudverneombod og tolv verneombod fordelt i organisasjonen. Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har avhalde fire møte i 2017. Operativ verksemd har høgt fokus på sikkerheit, og det er investert mykje i nytt og sikkert utstyr. I tillegg har konsernet auka resursane for å sikra trygge arbeidsforhold og god kapasitet til dagleg drift og oppfølging.

Trygt Heim-omgrepet står sterkt i organisasjonen, og har som mål å understreka fokuset til dei tilsette rundt arbeidstryggleik. Alle skal jobbe så sikkert at dei sjølv og kollegaene kjem trygt heim kvar dag. Styret har sterk tru på at haldningsskapande arbeid er nøkkelen til førebygging av alvorlege skader, og har som mål å skapa ein kultur der dei tilsette tek ansvar for både eigen og andre sin tryggleik. For å styrka dette haldningsarbeidet er oppfølging av registrerte sikkerheitsobservasjonar ein viktig del av HMS-rapporteringa.

Bremnes Fryseri sitt mål er null skadar. Sikkerheita til dei tilsette og eit sunt arbeidsmiljø står høgt på styret sin agenda, og ein vil aldri akseptera at ein går på kompromiss med tryggleik for å møta andre driftsmål. Me måler helse- og sikkerheitsindikatorar gjennom H-verdiar, som er arbeidsulykker per million arbeidstime, i tillegg til fråvær. H-verdien var 7,6 totalt for 2017, medan samla sjukefråvær utgjorde 6,3 %.

Styret vil forsette å fokusera på viktigheita av forbetra helse og tryggleik i framhaldet.

## Tilsette

Ved utgangen av 2017 hadde konsernet 403 tilsette, der 379 er fast tilsett og 24 er midlertidig engasjert. Samanlikna med 2016 utgjer dette ei vekst på 23 tilsette som eit resultat av auka aktivitet spesielt på oppdrettsdelen av verksemda. Styret rettar ein stor takk til alle tilsette for innsatsen som vart lagt ned i 2017.

## Diskriminering og like rettigheiter

Bremens Fryseri er opptatt av å trygga likestilling, sikra like moglegheiter og rettigheiter og å hindra diskriminering i samsvar med Diskrimineringslova sitt formål. Konsernet arbeidar aktivt, målretta og planmessig for å sikra lovens formål om mangfald. Aktivitetane omfattar blant anna rekruttering, lønns- og arbeidsvilkår, karriere og vern mot trakassering.

Konsernet har som mål å vera en arbeidsplass der det ikkje førekjem diskriminering på grunn av redusert funksjonsevne. Konsernet arbeidar aktivt og målretta for å utforma dei fysiske forholda slik at verksemda sine ulike funksjonar kan nyttast av flest mogleg.

Bransjen har tradisjonelt vore samansett hovudsakleg av menn. Ved utgangen av 2017 var det høvesvis 59,2 % og 40,8 % menn og kvinner.

Den operative leiinga i konsernet er samansett av totalt 17 personar, der 11 er menn, og 6 er kvinner. Av styrets fire medlemer ei kvinne. Uavhengig av ønskje om likestilling mellom kjønna har konsernet i sin rekrutteringspolitikk og lønssystem alltid vektlagt den enkelte sin kompetanse og innsats som avgjerande.

## Marknadsutsikter

2017 var eit godt år for Bremnes Fryseri med rekordresultat og

god kontantstraum. Høge råvareprisar og etterspurnad har vore sterke drivarar for utviklinga dei siste åra, og det er forventningar om framleis gode prisar, men rett nok på eit noko lågare nivå enn dei føregåande åra. Produksjonskostnaden auka i 2017, og styret forventar ytterlegare kostnadsauke i første halvår av 2018 som følgje av høg nedlagt kostnad i ståande biomasse kombinert med lågt sesonguttak.

## Fordeling mellom egenkapital og lang-/kortsiktig gjeld




Bremnes Fryseri arbeider målretta med å forbetra dei biologiske forholda i sjø. Styret anerkjenner den store jobben dei tilsette i konsernet gjer kvar dag for å betra tilhøva, og har tru på at auka samspel mellom nærliggjande aktørar i bransjen er den mest fruktbare vegen vidare. Dette, kombinert med auka ikkjemedikamentell handsaming av biologiske utfordringar, er viktig både med omsyn på lønnsemd og berekraft. Fisk som blir utsett for behandling mistar fôringsdagar og appetitt, som igjen medfører redusert vekst, auka fôrfaktor og auka produksjonskostnad. Dette er såleis eit område som krev stor merksemd komande år. Trass utfordringane har alle deler av verksemda klart å auka lønnsemda i 2017. Settefisk-aktivitetane er inne i ein investeringsfase med utvikling av post-smolt som i stor grad er forventa å betra tilhøva i sjøproduksjonen dei komande åra. Kombinert med at store krefter vert lagt ned i prosjektet har ein samstundes evna å halde fokus på dagleg drift, og klart å auke marginane i 2017 samanlikna med 2016. Heilfiskproduksjonen har auka volumet i eit produksjonsklima med stadig større biologiske utfordringar. Som eit ledd for å bidra til ytterlegare framtidig volumauke, reduserte kostnader og auka berekraft har konsernet fleire søknader inne i utviklingskonsesjonsprogrammet til myndigheitene. Foredlingsaktivitetane har levert svært gode resultat gjennom meir effektiv kapasitetsutnytting i produksjonen, og vidareutvikling av sterke merkevarer. Resultata


* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

kjem på trass av svært høge råvareprisar. Dette er godt støtta av marknadsarbeidet i Salmon Brands og Ocean Quality. Salsselskapa har bidrege sterk til å styrka konsernet sine merkevarer gjennom ei innovativ marknadstilnærming som har utvikla både volum og produktattraktivitet. Etterspurnaden etter ferske lakseprodukt aukar kvart år, og konsernet ser fleire spennande utviklingsretningar dei komande åra.

Bremnes Fryseri vil fortsette å investere på tvers av verdikjeda for å støtte organisk vekst. Kapitalutgifter i budsjettet for 2018 er rundt NOK 350 million. Investeringane kjem i hovudsak frå tilrettelegging for produksjon av større smolt av betre kvalitet. Styrken til marknaden for fersk laks har blitt testa gjennom auka priser over fleire år, og etterspurnaden har vore imponerande. Ein betydeleg drivar i denne samanheng er foredla lakseprodukt der trenden er at laks er blitt reposisjonert bort frå den tradisjonelle fiskedisken og i retning av meir tilgjengelege ferskvareutval samansett av varer med lavt brukargrensesnitt. Gjennom produktutvikling innan laksekategorien kan kundane i større grad velje ferske ferdigpakka produkt eller varer med større foredlingsgrad. Totalt sett er den globale marknaden for laks svært sterk, og styret ser lyst på laks som produkt og dei tilhøyrande utviklingsmoglegheitene i åra som kjem.

Bremnes, 28. mars 2018



Laila Knarvik



Øyvind Fossøy



Bjørn Willy Sæverud



Olav Svendsen

* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

# Resultatrekneskap

| MOR - 01.01-31.12 | | | KONSERN - 01.01-31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 2016 | | 2017 | 2016 |
| 16 356 196 | 16 404 990 | Salsinntekter | 2 617 875 056 | 2 352 426 458 |
| 0 | 0 | Andre driftsinntekter | 12 868 783 | 7 452 709 |
| **16 356 196** | **16 404 990** | **Sum driftsinntekter** | **2 630 743 839** | **2 359 879 167** |
| 0 | 0 | Behaldningsendring varer | -117 641 887 | -17 127 674 |
| 0 | 0 | Varekostnader | 1 587 097 492 | 1 435 556 808 |
| 7 971 232 | 2 971 669 | Lønnskostnader | 275 191 415 | 252 818 795 |
| 13 822 522 | 12 448 647 | Ordinære avskrivingar | 123 498 028 | 131 757 809 |
| 2 424 666 | 0 | Nedskr. av varige driftsm. og immat. eiged. | 44 731 495 | 0 |
| 4 557 611 | 2 534 309 | Andre driftskostnader | 290 202 312 | 242 091 825 |
| **28 776 031** | **17 954 625** | **Sum driftskostnader** | **2 203 078 855** | **2 045 097 562** |
| **-12 419 835** | **-1 549 635** | **Driftsresultat** | **427 664 984** | **314 781 605** |
| 32 651 133 | 12 929 424 | Inntekt frå investering i tilknytta selskap | 30 484 353 | 31 407 079 |
| 187 547 703 | 201 019 386 | Konsernbidrag frå datterselskap | 0 | 0 |
| 1 062 895 | 775 908 | Renteinntekt frå føretak i same konsern | 0 | 0 |
| 314 288 | 215 040 | Andre renteinntekter | 1 172 124 | 260 130 |
| 0 | 0 | Andre finansinntekter | 2 652 262 | 4 215 973 |
| 7 448 445 | 8 848 561 | Andre rentekostnader | 28 339 061 | 31 200 139 |
| 0 | 0 | Andre finanskostnader | 2 616 231 | 3 239 968 |
| **201 707 739** | **204 541 561** | **Ordinært resultat før skattekostnad** | **431 018 432** | **316 224 680** |
| -1 483 597 | -1 162 603 | Skattekostnad på ordinært resultat | 91 376 558 | 68 517 524 |
| **203 191 336** | **205 704 164** | **Ordinært resultat** | **339 641 874** | **247 707 156** |
| | | **Bruk av årsresultatet** | | |
| 163 191 336 | 185 704 164 | Avsatt til anna eigenkapital | 0 | 0 |
| 40 000 000 | 20 000 000 | Utbytte utbetalt | 40 000 000 | 20 000 000 |
| 0 | 0 | Overført frå anna eigenkapital | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Majoriteten sin del | 299 641 874 | 227 707 156 |
| **203 191 336** | **205 704 164** | **Sum bruk** | **339 641 874** | **247 707 156** |



* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

# Nøkkeltal

i 1 000 NOK

| | **2017** | 2016 | 2015 | 2014 | 2013 |
|---|---|---|---|---|---|
| Driftsinntekter | **2 630 744** | 2 359 879 | 1 684 192 | 1 379 845 | 1 503 652 |
| EBITDA | **595 895** | 446 539 | 193 487 | 184 915 | 361 387 |
| Driftsresultat (EBIT) | **427 665** | 314 782 | 94 953 | 96 387 | 278 275 |
| Resultat før skatt | **431 018** | 316 225 | 84 928 | 78 686 | 263 332 |
| Sum eigendeler | **2 343 489** | 2 057 762 | 1 818 688 | 1 528 672 | 1 481 375 |
| Sum eigenkapital | **1 248 501** | 948 296 | 720 851 | 661 531 | 642 064 |
| Netto renteberande gjeld | **471 153** | 514 474 | 727 618 | 549 988 | 440 787 |
| Sum investeringer | **290 326** | 271 583 | 253 743 | 151 740 | 96 116 |
| Bokført verdi pr. konsesjon | **6 820** | 6 860 | 6 920 | 6 553 | 6553 |

## Omsetning

i 1 000 000 NOK




**Eigenkapital**
**53,3 %**

**VEKST**
**11,5 %**

**Overskotsgrad**
**17,5 %**

# Balanse

| MOR - 31.12-31.12 | | | KONSERN - 31.12-31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 2016 | | 2017 | 2016 |
| | | **EIGEDELAR** | | |
| | | ***Anleggsmiddel*** | | |
| | | *Immaterielle eigedelar* | | |
| 0 | 0 | Forsking og utvikling | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Konsesj., patent, lisensar, varemrk. o.l rettigh. | 137 722 145 | 143 214 352 |
| 5 559 363 | 4 075 766 | Utsatt skattefordel | 0 | 0 |
| 0 | 0 | Goodwill | 77 510 801 | 95 284 848 |
| **5 559 363** | **4 075 766** | **Sum immaterielle eigendelar** | **215 232 946** | **238 499 199** |
| | | Varige driftsmiddel | | |
| 155 917 714 | 146 144 386 | Tomter, bygningar og anna fast eigedom | 501 610 974 | 356 505 149 |
| 883 089 | 4 361 158 | Maskiner og anlegg | 521 835 023 | 531 322 973 |
| 0 | 0 | Transportmiddel | 1 123 245 | 1 373 046 |
| 0 | 0 | Driftsløsøre, inventar, verktøy, kont.mask. o.l | 3 803 817 | 4 395 778 |
| **156 800 802** | **150 505 544** | **Sum varige driftsmiddel** | **1 028 373 059** | **893 596 946** |
| | | ***Finansielle anleggsmiddel*** | | |
| 278 266 053 | 280 690 719 | Investeringar i datterselskap | 0 | 0 |
| 47 400 000 | 54 565 143 | Lån til føretak i same konsern | 0 | 0 |
| 14 000 000 | 4 000 000 | Investeringar i tilknytt selskap | 60 352 219 | 52 518 999 |
| 10 151 200 | 10 151 200 | Investeringar i aksjar og andelar | 15 095 952 | 12 095 952 |
| 0 | 0 | Langsiktige fordringar | 4 545 484 | 7 221 568 |
| **349 817 253** | **349 407 062** | **Sum finansielle anleggsmiddel** | **79 993 655** | **71 836 520** |
| **512 177 418** | **503 988 372** | **Sum anleggsmiddel** | **1 323 599 660** | **1 203 932 665** |
| | | ***Omløpsmiddel*** | | |
| | | *Varer* | | |
| 0 | 0 | Råvarer | 19 936 571 | 23 219 936 |
| 0 | 0 | Fisk i sjø | 681 566 305 | 565 553 990 |
| 0 | 0 | Ferdig eigentilverka varer | 9 332 501 | 4 419 564 |
| **0** | **0** | **Sum varer** | **710 835 376** | **593 193 490** |
| | | ***Fordringar*** | | |
| 34 250 | 0 | Kundefordringar | 136 022 205 | 124 591 743 |
| 193 181 184 | 202 462 209 | Andre fordringar | 23 861 441 | 26 379 410 |
| **193 215 434** | **202 462 209** | **Sum fordringar** | **159 883 646** | **150 971 154** |
| 225 986 981 | 63 762 034 | Bankinnskudd, kontantar og liknande | 149 170 698 | 109 664 640 |
| **419 202 416** | **266 224 243** | **Sum omløpsmiddel** | **1 019 889 720** | **853 829 283** |
| **931 379 834** | **770 212 614** | **Sum eigedelar** | **2 343 489 380** | **2 057 761 948** |



* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

| MOR - 31.12-31.12 | | | KONSERN - 31.12-31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 2016 | | 2017 | 2016 |
| | | **EIGENKAPITAL OG GJELD** | | |
| | | ***Eigenkapital*** | | |
| | | *Innskutt eigenkapital* | | |
| 6 100 000 | 6 100 000 | Aksjekapital | 6 100 000 | 6 100 000 |
| 29 031 512 | 29 031 512 | Overkurs | 26 058 525 | 26 058 525 |
| 14 632 629 | 14 632 629 | Innskutt annan eigenkapital | 0 | 0 |
| **49 764 141** | **49 764 141** | **Sum innskoten eigenkapital** | **32 158 525** | **32 158 525** |
| | | Opptjent eigenkapital | | |
| 575 992 310 | 412 800 974 | Annan eigenkapital | 1 216 342 544 | 916 137 285 |
| 0 | 0 | Minoritetsinteresser | 0 | 0 |
| **575 992 310** | **412 800 974** | **Sum opptent eigenkapital** | **1 216 342 544** | **916 137 285** |
| **625 756 451** | **462 565 115** | **Sum eigenkapital** | **1 248 501 068** | **948 295 810** |
| | | ***Gjeld*** | | |
| | | *Avsetning for forpliktingar* | | |
| 0 | 0 | Pensjonsforpliktingar | 4 658 013 | 5 427 261 |
| 0 | 0 | Utsett skatt | 160 982 155 | 148 134 517 |
| **0** | **0** | **Sum avsetning for forpliktingar** | **165 640 168** | **153 561 778** |
| | | *Anna langsiktig gjeld* | | |
| 299 688 663 | 299 688 663 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 620 324 025 | 624 138 835 |
| **299 688 663** | **299 688 663** | **Sum anna langsiktig gjeld** | **620 324 023** | **624 138 835** |
| | | *Kortsiktig gjeld* | | |
| 0 | 0 | Gjeld til kredittinstitusjonar | 0 | 0 |
| 3 305 366 | 3 318 380 | Leverandørgjeld | 148 835 150 | 173 942 068 |
| 0 | 0 | Betalbar skatt | 78 528 920 | 75 821 194 |
| 492 663 | 399 129 | Skyldig offentlege avgifter | 22 306 999 | 30 827 478 |
| 2 136 691 | 4 241 329 | Anna kortsiktig gjeld | 59 353 052 | 51 174 785 |
| **5 934 720** | **7 958 837** | **Sum kortsiktig gjeld** | **309 024 121** | **331 765 525** |
| **305 623 383** | **307 647 499** | **Sum gjeld** | **1 094 988 311** | **1 109 466 139** |
| **931 379 834** | **770 212 614** | **Sum eigenkapital og gjeld** | **2 343 489 380** | **2 057 761 948** |

Bremnes, 28. mars 2017

Olav Svendsen — Laila Knarvik — Bjørn Willy Sæverud — Øyvind Fossøy

# Kontantstraumoppstilling

| MOR - 31.12-31.12 | | | KONSERN - 31.12-31.12 | |
|---|---|---|---|---|
| 2017 | 2016 | | 2017 | 2016 |
| | | ***Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar*** | | |
| 201 707 739 | 204 541 561 | Resultat før skattekostnad | 431 018 432 | 316 224 680 |
| 0 | 0 | Betalt skatt i perioden | -75 821 194 | -11 246 776 |
| 0 | 0 | Tap/gevinst ved sal av anleggsmiddel | -731 273 | 99 049 |
| 13 822 522 | 12 448 647 | Ordinære avskrivingar | 123 498 028 | 131 757 809 |
| 0 | 0 | Nedskriving anleggsmiddel | 44 731 495 | 0 |
| -34 250 | 10 225 | Endring i varelager og kundefordringar | -129 072 348 | 24 218 799 |
| -13 014 | -378 026 | Endring leverandørgjeld | -25 106 918 | 32 781 792 |
| 0 | 0 | Endring i pensjonsmiddel/-forpliktingar | -769 248 | 1 297 538 |
| -213 159 027 | -239 975 218 | Postar klassifisert som inv.- eller finansieringsaktivitetar | -30 808 269 | -27 042 952 |
| -3 651 762 | -29 573 886 | Endring i andre tidsavgrensingspostar | 2 627 388 | 22 911 270 |
| **-1 327 792** | **-52 926 697** | **Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar** | **339 566 093** | **491 001 210** |
| | | ***Kontantstraumar frå investeringsaktivitetar*** | | |
| 0 | 0 | Innbetalingar ved sal av varige driftsmiddel | 1 430 000 | 796 000 |
| -20 117 780 | -22 108 196 | Utbetalingar ved kjøp av varige driftsmiddel og imm.eiend. | -280 326 356 | -271 582 706 |
| 0 | 0 | Innbetalingar ved sal av aksjar/andelar i andre føretak | 0 | 0 |
| -10 000 000 | 0 | Utbetalingar ved kjøp av aksjar/andelar i andre føretak | -10 000 000 | 0 |
| 32 651 133 | 12 929 424 | Mottatt utbytte | 32 651 133 | 12 929 424 |
| **2 533 353** | **-9 178 772** | **Netto kontantstraum frå investeringsaktivitetar** | **-256 245 223** | **-257 857 282** |
| | | ***Kontantstraumar frå finansieringsaktivitetar*** | | |
| 0 | 0 | Netto endring langsiktig gjeld til kredittinstitusjon | -3 814 812 | 6 008 390 |
| 0 | 0 | Netto endring kortsiktig gjeld til kredittinstitusjon | 0 | -118 131 694 |
| -40 000 000 | -20 000 000 | Utbetalingar av utbytte | -40 000 000 | -20 000 0000 |
| 201 019 386 | 52 710 716 | Mottatt konsernbidrag | 0 | 0 |
| **161 019 386** | **32 710 716** | **Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitetar** | **-43 814 812** | **-132 123 304** |
| 0 | 0 | Valutakursendringar, kontantar og kontantekvivalentar | 0 | 0 |
| **162 224 947** | **-29 394 753** | **Netto endring i kontantar og kontantekvivalentar** | **39 506 058** | **101 020 624** |
| 63 762 034 | 93 156 787 | Kontantar og kontantekvivalentar 01.01 | 109 664 640 | 8 644 016 |
| **225 986 981** | **63 762 034** | **Kontantar og kontantekvivalentar 31.12** | **149 170 698** | **109 664 640** |



* Notene finn du i den elektroniske utgåva på **seashore2017.aarsmelding.no**

BREMNES SEASHORE

**Bremnes Fryseri AS**
Øklandsvegen 90, 5430 Bremnes
Sentralbord: Tlf 53 42 82 00 — Fax 53 42 82 01
E-post: bremnes@seashore.no

**www.seashore.no**
**www.salma.no**
**www.oceanquality.com**

Design og utforming: SYDVEST
Foto: Magne Langåker og Øyvind Sætre